



- Dette biletet av Gåso i Ulvanåso er teke frå ein annan vinkel enn den vi til vanleg ser ho frå, skriv Einar Gjertsen til uskedalen.no og vedlegg biletet.

Gjertsen fotograferte ho 28. september på veg opp til Geitadalstinden, det var same dagen som skulen var på Nåso.

Gjertsen held fram:

- Som vi ser er Gåso rivna i fleire deler sjølv om det ikkje ser slik ut nedanfrå bygda. Det er vel heller tvilsamt at ho vil forsvinna heilt i år, då det var rimeleg kaldt i skyggen der oppe. Dagane vert gradvis kortare no, og so høgt oppe kan nysnøen koma kvar dag som helst.

Ellers var der og ei ørn som fylgde fotografen med argusauger til ho tok av mot Englafjell og forsvann. Slike opplevingar er fascinerande i ein ellers vill natur